



Larsen og Solheim AS
Øvre Kråkenes 17
5152 BØNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1030 - 17/10302

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
31.03.2017

Løyve til oppføring av brakkebygg og mellombels dispensasjon - gbnr 99/27 Våge

Administrativt vedtak. Saknr: 164/17

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar:

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring/vidareføring av brakkebygg til bruk som servicebygg til asylmottaket på eigedommane 99/27 og 99/31. Servicebygget har eit bygd areal på 260 m². Brakkebygget erstattar servicebygget som brant. Servicebygget skal ikkje nyttast til overnatting.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå plankravet og arealføremålet i kommunedelplanen.

Det vert elles vist til søknad motteken 17.03.2017 og supplert 28.03.2017.

Planstatus

Eigedommen inngår i den nyleg vedtatte kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden vedtatt av kommunestyret den 24.09.2015. Det går fram av kommunedelplanen at arealføremålet er næring.

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremålet og plankravet i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt. Søknad om oppføring/vidareføring av brakkebygg har ikkje vore sendt på høyring. Det vert vist til at dette vedtaket er ei vidareføring av den bruksendringa som er gjeve for dei to bygningane som stod på gbnr 99/31 og 99/27 til asylmottak. Pga. brann i det bygget som var planlagt som servicebygg, er det erstatta med dette brakkebygget. Kommunen har vurdert at nasjonale og statlege interesser ikkje vert råka som følgje av dette.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Det ligg føre mellombels samtykke frå Arbeidstilsynet i vedtak datert 29.01.2016. Samtykke frå Arbeidstilsynet er gjeve mellombels inntil 2 år frå vedtaksdato slik administrasjonen forstår vedtaket. Det må innhentast nytt samtykke frå Arbeidstilsynet som gjeld for heile perioden brakkebygget skal stå, fram til 01.04.2019.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.
Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan mottatt 17.03.2017. Plassering og utforming av bygg er det same som var godkjent opprinneleg.

Vatn og avløp (VA)

Det er søkt om og gjeve løyve til tilknytning til kommunalt vatn og avlaup den 17.03.2016.
Det er søkt om og gjeve utsleppsløyve i vedtak datert 08.02.2016

Tilkomst, avkøyrsløp og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Dispensasjon

Det er ein føresetnad for å kunne gje dispensasjon etter plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 at omsyna bak reglane det vert dispensert frå ikkje blir vesentleg sett til sides. Dei ulike reglane i planer har som oftast blitt til gjennom ein omfattande vedtaksprosess. Det skal difor ikkje vera ei kurant sak å fråvika desse, også for at planen sitt hovudformål som overordna informasjons- og vedtaksgrunnlag ikkje skal undergravast. Fordelane ved å gje dispensasjon må vera klart større enn ulempene etter ei samla vurdering, jf § 19-2 andre ledd. Det vil normalt ikkje vera høve til å gje dispensasjon når omsyna bak reglane det vert søkt dispensasjon frå framleis gjer seg gjeldande med styrke.

Prinsipielt står ikkje mellombelse dispensasjonar i nokonn annan stilling enn dei permanente. I pbl § 19-3 står det at:

«Midlertidig dispensasjon kan gis tidsbestemt eller for ubestemt tid. Ved dispensasjonstidens utløp eller ved pålegg må søkeren uten utgift for kommunen fjerne eller endre det utførte, eller opphøre med midlertidig tillatt bruk, eller oppfylle det krav det er gitt utsettelse med, og hvis det kreves, gjenopprette den tidligere tilstand. Dispensasjon kan gjøres betinget av erklæring der også eier eller fester for sin del aksepterer disse forpliktelser. Erklæringen kan kreves tinglyst. Den er bindende for panthavere og andre rettighetshavere i eiendommen uten hensyn til når retten er stiftet og uten hensyn til om erklæringen er tinglyst.»

Vi kan ikkje i dette tilfellet sjå at oppføring av eit mellombels bygg vil tilsidesette dei omsyna som ligg bak plankravet. Det er gjeve ein mellombels dispensasjon til bygningen på 99/31 til asylmottak. Servicebygget er ein del av dette, og vil isolert sett ikkje endre den mellombelse bruken som det er gjeve løyve til på desse eigedommane.

Ein dispensasjon her vil underbygge Norges internasjonale forpliktelser overfor asylsøklarar og flyktningar. Kommunen meiner at etablering av eit mellombels bygg som skal tene eit godkjent asylmottak ikkje vil kunne påvirke nabolaget i negativ retning.

Kommunen finn at fordelane ved å gi ei mellombels dispensasjon frå plankravet i pkt. 1.1 i føresegnene til kommunedelplanen er klart større enn ulempene etter ein konkret og samla vurdering.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plankravet i kommunedelplanen pkt. 1.1 og frå arealføremålet næring for oppføring av mellombels brakkebygg/servicebygg. Dette løyve gjeld fram til den 01.04.2019. Etter denne fristen må tiltaket fjernast.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for oppføring av mellombels brakkebygg tilknytta asylmottaket på Vågseidet på følgjande vilkår:

- 1. Bygget er godkjent fram til 01.04.2019. Etter dette skal bygget fjernast. Det skal sendast inn dokumentasjon med foto som stadfestar at bygget er fjerna.**
- 2. Tiltaket vert godkjent mellombels fram til 01.04.2019 på vilkår av at det ligg føre godkjent samtykke frå Arbeidstilsynet for heile denne perioden. Nytt samtykke frå Arbeidstilsynet skal sendast til kommunen så fort det ligg føre.**
- 3. Tiltaket skal stetta krava i TEK10**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

